



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

19/50-11

6. januar 2020

Oppdragsbrev for Statsbudsjettet 2020 – tilskot til Troms og Finnmark fylkeskommune

Tilsegn nr.: 510 020.

Innleiing

Vi syner til Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Innst. 16 S (2019–2020). Kommunal- og moderniseringsdepartementet, heretter departementet, følgjer opp budsjettvedtaket frå Stortinget for 2020 datert 5. desember 2019 gjennom dette oppdragsbrevet.

Brevet omfattar oppdrag på desse politikkområda:

Programkategori	Millionar kroner
13.50 Distrikts- og regionalpolitikk	198,310
13.67 Nasjonale minoriteter	10,500
Totalt	208,81

Departementet vil utbetale midlane til fylkeskommunen for programkategori 13.50 i to omgangar, i januar og august. For programkategori 13.67 blir midlane utbetalte første kvartalet i 2020.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandler
Ellinor Kristiansen
22 24 70 26

Innhold

1. Programkategori 13.50 «Distrikts- og regionalpolitikk».....	3
1.1. Regional- og distriktpolitiske mål.....	3
1.2. Ramme til distrikts- og regionalpolitiske føremål.....	3
1.3. Mål for innsatsen til fylkeskommunane	4
Mål 1: Vekstkraftig næringsliv i regionar og distrikt	4
Kap. 553, post 61 «Mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling» (ny).....	4
Kap. 553, post 65 «Omstilling»	6
Mål 2: Regional utvikling over landegrensene og i nordområda	6
Kap. 553, post 63 «Interreg og Arktis 2030».....	6
1.4. Annan relevant innsats	8
Kompetansepilotar (kap. 553, post 62)	8
Oppfølging av nordområdestrategien til regjeringa.....	8
Transnasjonale og interregionale Interreg-program	8
Klyngjer og innovasjon.....	9
1.5. Rapportering, evalueringar og kontroll	9
Rapportering og registrering av rammer og tilsegner	9
Evaluering.....	9
Kontroll	10
Bruk av attståande midlar frå postar som går ut frå 2020.....	10
1.6. Den regional- og distriktpolitiske rolla til fylkeskommunen.....	10
Fylkeskommunane som regionale samfunnsutviklarar	10
Samarbeid med Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret)	10
Samarbeid med verkemiddelaktørane	10
2. Programkategori 13.67 «Nasjonale minoriteter»	11
2.1. Mål 1: «Nasjonale minoriteter deltar aktivt i samfunnet og kan uttrykke og videreutvikle sine språk og sin kultur»	11
Ramme til fylkeskommunen.....	11
2.2. Mål for innsatsen frå fylkeskommunane	11
Kap. 567, post 73 «Kvensk språk og kultur»	11
2.3. Forskrift.....	11
2.4. Føringer for forvaltinga av ordninga.....	12
2.5. Utbetaling og rapportering.....	12
3. Kap. 541, post 60 "Bredbåndsutbygging" (ny).....	12
4. Fristar i 2020 og 2021.....	13
5. Avslutning.....	13
6. Vedlegg	14

1. Programkategori 13.50 «Distrikts- og regionalpolitikk»

1.1. Regional- og distriktpolitiske mål

Målet for regional- og distriktpolitikken er regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har ei balansert samansetjing av befolkninga og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping no og i framtida. Dette utgjer dei overordna rammene for verksemda til fylkeskommunane.

Midlane over programkategori 13.50 «Distrikts- og regionalpolitikk» er øyremerkte økonomiske verkemiddel for å realisere dei nasjonale regional- og distriktpolitiske måla. Stortinget har vedteke ein del endringar under programkategorien som følgje av regionreforma, sjå vedlegg 1. Måla for programkategorien er difor endra, sjå tabell 1.

Tabell 1 Mål for programkategori 13.50 «Distrikts- og regionalpolitikk»

1. Vekstkraftig næringsliv i regionar og distrikt
2. Regional utvikling over landegrensene og i nordområda
3. Styrkt utviklingsevne og tilgang til grunnleggjande private tenester i distrikta

Midlane som fylkeskommunane tidlegare har motteke under kap. 553, post 60 «Velfungerende næringsmiljøer og tilgang til relevant kompetanse», og kap. 550, post 64 «Inkluderende og vekstkraftige lokalsamfunn», er frå 2020 innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane, under kap. 572, post 60 «Innbyggertilskudd». Innlemminga er totalt 100,1 millionar kroner, som i 2020 er gjeve ei særskild fordeling innanfor rammetilskotet. Innlemminga endrar ikkje på ansvaret fylkeskommunane har for nærings- og samfunnsutviklinga i sitt fylke.

1.2. Ramme til distrikts- og regionalpolitiske føremål

Den samla løyvinga til fylkeskommunane over programkategori 13.50 er på om lag 930 millionar kroner for 2020. Med fylkeskommunane meiner vi òg Oslo kommune. Vedlegg 2 syner fordelinga av løyvinga for kvar einskild fylkeskommune. Løyvinga til Troms og Finnmark fylkeskommune ligg i tabell 2 under.

Tabell 2 Mål, kap./post og løyving (i mill. kroner) for 2020 til Troms og Finnmark fylkeskommune

Mål	Kap./post	Nemning	Løyving
1 Vekstkraftig næringsliv i regionar og distrikt	553.61	Mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling	121,120
	553.65	Omstilling	12,000
2 Regional utvikling over landegrensene og i nordområda	553.63	Interreg*	18,210
		Arktis 2030	46,980
Sum			198,310

*Løyvinga er justert etter sekretariatsansvaret i dei ulike programma/delprogramma (sjå vedlegg 3)

Løyvinga til Arktis 2030 på 45,48 millionar kroner blir overført til Troms og Finnmark fylkeskommune frå 1. januar 2020. Forvaltninga skal skje i eit nært samarbeid med Nordland fylkeskommune. Arktis 2030 skal omfatte heile Nord-Noreg. Troms og Finnmark fylkeskommune kan delegere forvaltninga av midlar frå kap. 553.63 til Nordland fylkeskommune, jf. Prop. 1 S (2019–2020).

Departementet tildeler midlane over programkategori 13.50 til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. romartalsvedtak XI i Innst. 16 S (2019–2020). Det vil seie at fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av løyvingsår. Det er ikkje høve til å overføre midlar mellom dei ulike budsjettpostane i oppdraget.

Attståande midlar under kap. 550, post 64 «Inkluderende og vekstkraftige lokalsamfunn», og kap. 553, post 60 «Velfungerende næringsmiljøer og tilgang til relevant kompetanse», skal forvaltast i tråd med [forskrifta](#) om Kommunal- og moderniseringsdepartementets distrikts- og regionalpolitiske tilskotspostar.

1.3. Mål for innsatsen til fylkeskommunane

Mål 1: Vekstkraftig næringsliv i regionar og distrikt

Kap. 553, post 61 «Mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling» (ny)

Frå 1. januar 2020 har fylkeskommunane teke over oppdragsgjevaransvaret Innovasjon Noreg og Siva har hatt for dei bedriftsretta ordningane Bedriftsnettverk, Mentortenenesta for gründerar, Landsdekkjande etablerartilskot, Næringshageprogrammet og Inkubasjonsprogrammet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Kulturdepartementet.

Midlane til Bedriftsnettverk, Mentortenenesta for gründerar, delar av Landsdekkjande etablerartilskot, Næringshageprogrammet og Inkubasjonsprogrammet er samla i ei ny øyremerkte ordning under kap. 553, post 61. Tidlegare kap. 550, post 62 Bedriftsretta låne- og tilskuddsordningar i distrikta, er òg lagt inn i denne posten. Den samla løyvinga på posten er i 2020 763,3 millionar kroner. Vedlegg 1 gjev oversikt over midlane som er overførte til den nye posten. Midlane er fordelte til fylkeskommunane etter ein berekningsmodell som inneheld ein distriktsdel og ein regionaldel. Sjå vedlegg 2 for ei fylkesvis fordeling av posten og detaljert beskriving av fordelingsmodellen.

Målet

Målet med verkemidla er eit verdiskapande næringsliv i distrikt og regionar. Målgruppa er bedrifter og entreprenørar i heile landet. Kriteria for måloppnåinga er at verdiskapinga, omsetninga, sysselsetjinga og nyskapinga veks i distrikta og regionane. Kriteria varierer mellom dei ulike verkemidla.

Overføring av oppdragsgjevaransvaret

Føremålet med å overføre oppdragsgjevaransvaret frå staten til fylkeskommunane, er å gjere det mogleg med ei regional tilpassing av innsatsen under desse verkemidla. Verkemidla mobiliserer og kvalifiserer fleire bedrifter og gründerar i distrikta til større marknader og nasjonale støtteordningar. Fylkeskommunane får ansvaret for å utforme og dimensjonere oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva i sitt fylke ut frå regionale behov og prioriteringar. Føremålet med oppgåveoverføringa er òg å gjere arbeidsdelinga mellom staten og fylkeskommunane i næringspolitikken tydeleg.

Forvaltinga av midlane

Løyvinga inkluderer administrasjons- og gjennomføringskostnader for den forvaltinga Innovasjon Noreg gjer av ordningane. Kvar fylkeskommune har ansvaret for å dekkje alle administrasjons- og gjennomføringskostnadene for sitt oppdrag til Innovasjon Noreg, i samsvar med basiskostnadsmodellen. Innovasjon Noreg sentralt bereknar vederlaget for administrasjons- og gjennomføringskostnader for kvart fylkesoppdrag basert på erfaringstal. Vederlag for særskilde satsingar utover dei ordinære tenesteleveransane, må Innovasjon Noreg avtale med den einsskilte fylkeskommunen.

Departementet vil overføre dei samla administrasjons- og gjennomføringskostnadene direkte til Siva på vegner av fylkeskommunane. I 2020 utgjør dette 15,8 millionar kroner. Beløpet er fastsett i dialog mellom fylkeskommunane og Siva.

Kvar fylkeskommune har høve til å nytte inntil 100 000 kroner over posten for å dekkje kostnadene fylkeskommunen har ved å utforme oppdrag og gjennomføre styringsdialog med Innovasjon Noreg og Siva.

Det er utarbeidd nye retningslinjer for forvaltinga, sjå vedlegg 7. Som retningslinjene syner, har fylkeskommunane ansvaret for styringsdialogen om posten med Innovasjon Noreg og Siva. Dette omfattar dialog om resultat, måloppnåing og effektivitet innan den einsskilte ordninga, revisjon av ordningar, utvikling av satsingsforslag og innspel til budsjett. For fristane for når fylkeskommunane skal ha sendt innspel til budsjett og nye satsingar til departementet, sjå pkt. 4 og vedlegg 7.

Fylkeskommunane skal sørge for at det ligg føre tilfredsstillande rutinar for oppdragsbrev, utbetaling av tilskot, styringsmøte, prosedyrar og krav til rapportering og eventuelle andre forpliktingar. Departementet tilrår at fylkeskommunane som eit kollegium følgjer opp samla resultat, måloppnåing og effektivitet i den einsskilte ordninga, revisjon av ordningar, utvikling av satsingsforslag og innspel til budsjett.

Departementet tilrår at fylkeskommunane nyttar vedlagde malar for oppdragsbrev til Innovasjon Noreg og Siva (sjå vedlegg 5 og 6). Forslag til malar er utarbeidd i dialog mellom fylkeskommunane, departementet og verkemiddelaktørane. Landbruks- og matdepartementet tilrår at fylkeskommunanes oppdrag til innovasjon Noreg på

landbruksområdet, vert teke inn i oppdragsbrev til Innovasjon Noreg knytt til kap. 553, post 61 jf. vedlegg 5.

Fylkeskommunane skal utbetale midlane i oppdraga til Innovasjon Noreg og Siva i to delar, og der første utbetaling skjer innan 1. februar og den neste i august. Andre rutinar for utbetaling skal fastsetjast i oppdragsbrevet frå fylkeskommunane til Innovasjon Noreg og Siva.

Programperioden for Næringshageprogrammet og Inkubasjonsprogrammet er forlengd til ut 2022. Det inneber at programplanane for programma ligg faste i same perioden. For å sikre ein god prosess for utviklinga av nye programforslag, bør fylkeskommunane i oppdragsbrev for 2020 be Siva om å starte utgreiing av endringar og nye forslag. Revisjonen av programma skal skje i dialog mellom fylkeskommunane og verkemiddelaktørane, jf. retningslinjer for post 61. Departementet skal godkjenne programplanar for nye ordningar.

Kap. 553, post 65 «Omstilling»

Den samla løyvinga på 66 millionar kroner skal styrkje næringsgrunnlaget og medverke til at det blir etablert nye arbeidsplassar i kommunar eller regionar som opplever at sysselsetjinga minkar vesentleg. Fylkeskommunen har ansvaret for omstillingsarbeidet i eige fylke. I omstillingsarbeidet er det viktig at fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og omstillingskommunane samarbeider aktivt. Innovasjon Noreg er eit nasjonalt kompetanseorgan for lokalt og regionalt omstillingsarbeid. Innovasjon Noreg kan på oppdrag frå fylkeskommunane hjelpe omstillingsprosjekt i heile landet med råd, økonomisk støtte til prosjekt, rettleiing og kvalitetssikring.

Løyvinga blir fordelt på grunnlag av innspel frå fylkeskommunane om omstillingsbehova i ulike delar av landet (sjå vedlegg 2). 14 millionar kroner av posten går til Innovasjon Noregs arbeid med omstillingsprogram. Forvaltninga av posten er regulert i [forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler](#), jf. vedlegg 8.

Mål 2: Regional utvikling over landegrensene og i nordområda

Kap. 553, post 63 «Interreg og Arktis 2030»

Den samla løyvinga på 101,4 millionar kroner skal dekkje tilskot til deltaking i grenseregionale Interreg-program og tilskot til ordninga Arktis 2030.

Interreg

54,42 millionar kroner av løyvinga under kap. 553, post 63, skal dekkje at fylkeskommunane deltek i Interreg-programma Øreund–Kattegat–Skagerrak, Sverige–Noreg, Botnia–Atlantica, Nord og Kolarctic. Midlane blir forvalta av dei deltakande fylkeskommunane i dei einskilde programma, og blir overførte til den fylkeskommunen som er sekretariat for det einskilde programmet. Dette inneber at den utbetalte ramma vil avvike frå den tildelte ramma i vedlegg 2. Ei oversikt over fylkeskommunane og sekretariatsfylka kan de finne i vedlegg 3.

Målet med Interreg er smart, berekraftig og inkluderande vekst og sosial integrasjon, gjennom samarbeid mellom land i Europa. Programdokumenta regulerer satsingsområde, tildelingskriterium, kriterium for måloppnåing, aktivitetar og resultatoppnåing, evaluering og krav til innhald i årsrapporten.

Arktis 2030

Med regionreforma er ansvaret for tilskotsordninga Arktis 2030 overført til Troms og Finnmark fylkeskommune, som skal forvalte dette i nært samarbeid med Nordland fylkeskommune (sjå vedlegg 1). Det er i 2020 løyvd 45,48 millionar kroner til Arktis 2030. Inntil 5 prosent av løyvinga kan bli nytta til å forvalte ordninga.

Målet med Arktis 2030 er å ta hand om norske interesser i nord og Noregs rolle som ein ansvarleg og sentral polarnasjon. Tilskotsmidlane skal medverke til ein heilskapleg nordområdepolitikk i tråd med nordområdestrategien til regjeringa. Situasjonen for urfolk skal tilleggast vekt. Den regionale innsatsen skal omfatte Nordland og Troms og Finnmark fylke, og medverke til ei berekraftig samfunnsutvikling i nordområda.

Midlane skal gå til fire innsatsområde: 1) kunnskap, 2) infrastruktur, 3) miljøvern, tryggleik, beredskap og klimaendringar og 4) næringsliv.

Troms og Finnmark fylkeskommune kan finansiere tiltak og program i eigen regi, og kan delegere forvaltninga av midlar under kap. 553, post 63, til Nordland fylkeskommune. Direkte bedriftsretta tilskot skal forvaltast av Innovasjon Noreg gjennom oppdragsbrev frå fylkeskommunen. For Innovasjon Noreg må oppdraget inkludere administrasjons- og gjennomføringskostnader, jf. basiskostnadsmodellen for Innovasjon Norge.

Departementet har utarbeidd ei forskrift for Arktis 2030 under kap. 553, post 63 «Interreg og Arktis 2030» (sjå vedlegg 11). Forskrifta trer i kraft 1. januar 2020.

For å sikre at det er føreseielege vilkår, og for å halde på kontinuiteten, ber departementet om at det blir lagt til rette for at Arktis 2030 raskt blir operativt i samband med at forvaltingsansvaret for tilskotsordninga blir overført.

Sekretariatet for Regionalt nordområdeforum

Det er sett av 1,5 millionar kroner til sekretariatet for Regionalt nordområdeforum. Sekretariatet blir lagt til Troms og Finnmark fylkeskommune i Vadsø. Sekretariatet skal mellom anna førebu og følgje opp møta i Regionalt nordområdeforum, lage fagnotat på oppdrag fra Regionalt nordområdeforum, og utarbeide forslag til strategiar for arbeidet. For å sikre føremålet til Regionalt nordområdeforum, kjem departementet til å drøfte nærare korleis sekretariatsfunksjonen skal vere utforma, med medlemmene i forumet.

1.4. Annan relevant innsats

Under dette punktet har departementet lista opp relevant informasjon til fylkeskommunane om program, strategiar og arbeid som er viktige for måloppnåinga i programkategori 13.50 «Distrikts- og regionalpolitikken».

Kompetansepilotar (kap. 553, post 62)

Kompetansepilotar er ei ny, treårig søknadsbasert ordning, lansert i Meld. St. 5 (2019–2020) *Levende lokalsamfunn for fremtiden*. Kompetansepilotar skal medverke til at verksemder bruker etter- og vidareutdanning meir for å styrkje omstillings- og konkurranseevna si. Pilotane skal utvikle modellar for å mobilisere verksemder i Distrikts-Noreg til å etterspørje kompetanse, og for å kople behova til relevante etter- og vidareutdanningstilbod. Ordninga er særleg retta mot små verksemder.

Ordninga skal støtte den strategiske rolla og ansvaret for regional kompetansepolitikk som fylkeskommunane har, og forankrast i regionale planar og partnerskap. Departementet samarbeider med fylkeskommunane, KS, Kompetanse Noreg og Kunnskapsdepartementet om korleis kompetansepilotane skal vere innretta. Kompetansepilot-ordninga vil bli sett i samanheng med dei andre tiltaka i kompetansereforma til regjeringa. Det er løyvd 16,4 millionar kroner til ordninga i 2020. Det er fylkeskommunar som kan søkje om å delta. Ordninga blir lyst ut vinteren 2020.

Departementet legg fram retningslinjer for tilskotsordninga samstundes med at midlane blir lyste ut. Eit læringsnettverk blir etablert for å sikre at erfaringar blir overførte mellom deltakarane i pilotane, fylkeskommunane og nasjonale aktørar. Tilskotsordninga Kompetansepilotar vil bli evaluert.

Oppfølging av nordområdestrategien til regjeringa

Departementet følgjer opp målsetjinga om auka verdiskaping i nord med å prioritere satsinga på leverandørutvikling frå *Høgare opp i verdikjeda (2017–2020)*. Målet er fleire konkurransedyktige leverandørmiljø. 2020 er siste året med finansiering frå departementet. Tiltaka i 2020 er

- 4,1 millionar kroner under kap. 553, post 74, til å mobilisere bedrifter til å auke bruken av FoU, innanfor ramma til FORREGION levert av Forskingsrådet
- 9 millionar kroner til kompetanseutvikling av tilsette i næringslivet gjennom etter- og vidareutdanning. Regjeringa har tidlegare varsla at dei årlege rammene til dei tre nordlegaste fylkeskommunane under kap. 553, post 60, blir auka med 3 millionar kroner per fylke i perioden 2018–2020. Midlane er frå 2020 innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane, og tekne i vare i den særskilde fordelinga for 2020.

Transnasjonale og interregionale Interreg-program

Departementet finansierer norsk deltaking i dei transnasjonale Interreg-programma Østersjøen, Nordsjøen og Nordleg Periferi og Arktis og dei alleuropeiske programma Interreg

Europe, ESPON og INTERACT. Disse programma har det same overordna målet som dei grenseregionale programma, men er opne for deltakarar frå heile landet¹.

I 2020 er det sett av om lag 28 millionar kroner til desse programma under kap. 553, post 76.

Klyngjer og innovasjon

Departementet finansierer òg det nasjonale klyngjeprogrammet Norwegian Innovation Clusters, Innovasjonspartnarskap og Bioøkonomiordninga i Innovasjon Noreg, og Forskingsbasert innovasjon i regionane (FORREGION) i Forskringsrådet. I 2020 er det avsett 216 millionar kroner til desse programma under kap. 553, post 74.

1.5. Rapportering, evalueringar og kontroll

Rapportering og registrering av rammer og tilsegner

Med unntak for Innovasjon Noreg og Siva skal alle tilskotsordningar kunngjerast på regionalforvaltning.no. Alle søkjarar må nytte fagsystemet for å sende inn søknader. Fylkeskommunane skal rettleie andre forvaltarar i bruken av regionalforvaltning.no og sørge for at all informasjonen om tilsegner er lagd inn på rett måte jf. Vedlegg 4. Registreringane er naudsynte for at departementet skal rapportere inn rett bruk av tilsegnsmidlane til Stortinget.

For Interreg er det sekretariatsfylka som har ansvaret for å registrere den statlege norske finansieringsdelen i regionalforvaltning.no.

For 2020 blir fylkeskommunane bedne om å registrere inn fordelinga mellom Innovasjon Noreg og Siva og mellom verkemidla i regionalforvaltning.no. Departementet vil ha dialog med fylkeskommunane for å nærare klargjere innhaldet i rapporteringa til departementet under kap. 553, post 61, som grunnlag for rapportering til Stortinget i budsjettet for i 2021.

Fylkeskommunane kan gje regional transportstøtte til verksemder i eige fylke. Dersom det skal tildelast transportstøtte, må dette skje i samsvar med gruppeunntaket for transportstøtte og meldast til ESA (jf. vedlegg 9 forskrift om [virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte](#)). Fylkeskommunane rapporterer til departementet (sjå pkt. 4 under).

Evaluering

Langsiktige effektar av tiltaka kjem til å bli målte gjennom vurderingar/evaluering. Departementet vil drøfte aktuelle problemstillingar og tema for vurdering/evaluering med fylkeskommunane.

Departementet ber om at fylkeskommunane melder inn evalueringar som er planlagde, sette i gang eller avslutta i 2020.

¹ Med unntak av Nordleg Periferi og Arktis.

Kontroll

Departementet ber om å få melding straks om fylkesrevisjonane har hatt vesentlege merknader/funn som gjeld forvaltinga av midlane.

Bruk av attståande midlar frå postar som går ut frå 2020

Midlar som etter 2019 står att under kap. 553, post 60, kap. 550, post 62, og kap. 550, post 64, skal nyttast i høve til dei måla og vilkåra som blei stilte då midlane blei løyvde. Bruk av midlar som står att, skal rapporterast i regionalforvaltning.no på same måten som tidlegare og skal forvaltast i tråd med forskrifta om Kommunal- og moderniseringsdepartementets distrikts- og regionalpolitiske tilskotspostar.

1.6. Den regional- og distriktpolitiske rolla til fylkeskommunen

Fylkeskommunane som regionale samfunnsutviklarar

Med regionreforma er den regionale samfunnsutviklarrolla til fylkeskommunane framheva og styrkt. Dette tilseier at fylkeskommunane har det leiande ansvaret for å utvikle, samordne og følgje opp regionale mål for utviklinga i sitt fylke, og for dei regionale strategiane. Dette inneber òg at fylkeskommunane skal mobilisere og samordne ulike lokale og regionale aktørar som er viktige for regional utvikling i fylket, slik at den samla innsatsen medverkar til at utviklinga i fylket går i den ynskte retninga. Med reforma er i tillegg nye oppgåver og verkemiddel overførte til fylkeskommunane som reiskap i denne rolla.

Midlane til tilskot til «Velfungerende næringsmiljøer og tilgang til relevant kompetanse» (kap. 553, post 60), og «Inkluderende og vekstkraftige lokalsamfunn», (kap. 550, post 64) er frå 2020 lagde inn i rammetilskotet til fylkeskommunane. Rammetilskotet er midlar som fylkeskommunane kan disponere fritt, irekna til dei føremåla og funksjonane som tidlegare låg under dei øyremerkte ordningane. Departementet ser innsats for inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn og for velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse, som sentralt i samfunnsutviklarrolla fylkeskommunane har. Samstundes gjev innlemminga av midlane fylkeskommunane større fridom til å prioritere innsatsen slik det er mest føremålstenleg i sitt fylke.

Samarbeid med Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret)

Departementet oppmodar fylkeskommunane om å samarbeide tett med Distriktssenteret på område som styrkjer kommunane i arbeidet deira med inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn. Distriktssenteret er ein viktig kompetansepartner for fylkeskommunane når dette arbeidet skal konkretiserast og setjast i verk. Distriktssenteret representerer kunnskap som kan vere relevant for dei utfordringane kommunane møter i utviklingsarbeidet sitt. Departementet støttar opp om dei avtalane som er inngåtte mellom fylkeskommunar og Distriktssenteret.

Samarbeid med verkemiddelaktørane

Departementet forventar at fylkeskommunane har eit godt samarbeid med Siva, Innovasjon Noreg og Forskningsrådet om mål og strategiar for næringsutvikling i sitt fylke, og nyttar det

regionale partnerskapet aktivt. Samarbeidet skal gje ei klar arbeidsdeling mellom dei ulike aktørane, og skape ein god regional infrastruktur for innovasjon. Departementet støttar opp om avtalane som er inngåtte mellom fylkeskommunar og verkemiddelaktørane på fylkesnivå. Det strategiske samarbeidet med verkemiddelaktørane i fylket bør sjåast i samanheng med det styrkte oppdragsgjevaransvaret overfor Innovasjon Noreg og Siva.

2. Programkategori 13.67 «Nasjonale minoriteter»

2.1. Mål 1: «Nasjonale minoriteter deltar aktivt i samfunnet og kan uttrykke og videreutvikle sine språk og sin kultur»

Kvenane er ein av dei nasjonale minoritetane i Noreg. Det er eit mål at dei nasjonale minoritetane skal delta aktivt i arbeidet med å bevare og utvikle språka sine og kulturen sin. Auka kunnskap om nasjonale minoritetar og kulturuttrykket deira kan motverke diskriminering, stereotypiar og negative haldningar. Tilskotsordninga for kvensk språk og kultur skal frå 2020 forvaltast av Troms og Finnmark fylkeskommune, som er nærare målgruppa og slik har betre føresetnad til å vurdere gode tiltak innanfor føremålet.

Ramme til fylkeskommunen

Ramma til Troms og Finnmark fylkeskommune utgjer 10,5 millionar kroner i 2020. Av dette går 287 000 kroner til administrasjon av tilskotsordninga, tilsvarande 0,3 årsverk.

2.2. Mål for innsatsen frå fylkeskommunane

Kap. 567, post 73 «Kvensk språk og kultur»

Tilskotsordninga skal medverke til å revitalisere kvensk språk og til å fremje kvensk/norskfinsk kultur. Ordninga blei tidlegare forvalta av departementet. Troms og Finnmark fylkeskommune overtek forvaltinga av ordninga frå 2020.

Det vil etter søknad bli gjeve prosjektstøtte til kulturføremål og tiltak som medverkar til å styrkje kvensk språk og identitet, irekna etablering og drift av kvenske språksenter. Tiltak som rettar seg mot barn og unge, blir prioriterte.

Troms og Finnmark fylkeskommune skal sakshandsame søknader i samsvar med tildelingskriteria fastsette i forskrift.

Kriteria for måloppnåing er tal på arrangerte prosjekt, kurs og aktivitetar som fremjar føremålet, og tal på deltakarar på dei ulike tiltaka.

2.3. Forskrift

Ny forskrift ([forskrift om tilskudd til kvensk språk og kvensk og norskfinsk kultur](#)) for ordninga blei utarbeidd hausten 2019 og sett i kraft frå 22. november 2019 (sjå vedlegg 10). Troms og Finnmark fylkeskommune har vore involvert i arbeidet med forskrifta.

2.4. Føringer for forvaltninga av ordninga

Fylkeskommunen skal sørge for å lyse ut, handsame søknader og betale ut drifts- og prosjekttilskot og for oppfølging og kontroll. Tilskota skal forvaltast i tråd med *Føresegnene om økonomistyring i staten*, kap. 6.2 og 6.3. Fylkeskommunen skal, i tillegg til midlar som blir gjevne etter utlysing, i 2020 utbetale driftstilskot til desse mottakarane: Storfjord språksenter, 800 000 kroner, Halti kvenkultursenter, 800 000 kroner, og den kvenske avisa *Ruijan Kaiku*, 830 000 kroner. Fylkeskommunen skal òg vurdere driftstilskot til nyetablerte språksenter. Løyvinga må nyttast i løpet av budsjettåret 2020.

2.5. Utbetaling og rapportering

Departementet vil utbetale løyvinga til Troms og Finnmark fylkeskommune samla. Fylkeskommunen utbetaler tilskot til tilskotsmottakarane og følgjer opp rapporteringa om bruken av tilskotsmidlane etter krav og vilkår som er sette i forskrift og i tilskotsbrev.

Fylkeskommunen rapporterer om bruken av løyvinga i årsrapporteringa. Rapporteringa skal innehalde ei oversikt over tilskotsmottakarar, kva beløp dei har motteke, og ei fagleg vurdering av måloppnåing for ordninga. Fylkeskommunen skal og gi ei statusrapportering per 31. august 2020. Vi gjer merksam på departementet kan krevje at ei eventuell unytta løyving ved årsslutt 2020 vert ført tilbake til departementet.

3. Kap. 541, post 60 "Bredbåndsutbygging" (ny)

Regjeringa har som mål å sikre «Et likeverdig tilbud av sikre elektroniske kommunikasjons tjenester av høy kvalitet og til rimelige priser over hele landet» (mål 3). Tilskotet skal medverke til utbygginga av breiband i geografiske område der det ikkje er kommersielt grunnlag for investeringar. Ordninga har vore forvalta av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Frå og med 2020 skal fylkeskommunane overta forvaltninga av ordninga. Føremålet med ordninga er å medverke til at alle husstandar og private og offentlege verksemder får eit tilbod om breiband med god kvalitet.

Hovudkriteriet for måloppnåinga er auke i tilgangen på breiband som blir realisert som følgje av ordninga. Fylkeskommunane vil ha forvaltingsansvaret for dei tildelte midlane. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit vil føre vidare ei aktiv, fagleg rettleiingsrolle for bruken av midlane, mellom anna når det gjeld spørsmål om statsstøtteregulverket og for tredjepartstilgang.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har sendt departementet forslag til fordeling av den økonomiske ramma per fylkeskommune og retningslinjer for breidbåndstilskotet for 2020. Forslaget er til vurdering i departementet. Vi tar sikte på at fordeling av ramma og utdjupande informasjon om bruken av midla blir sendt fylkeskommunane i eige brev over nyåret.

4. Fristar i 2020 og 2021

2020	
1. februar	frist for å sende inn rapportar for 2019 og endelege rammer per 31. desember 2019 i regionalforvaltning.no
1. februar	frist for å sende inn evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2019
1. februar	frist for forskotsutbetaling av midlar til Innovasjon Noreg og Siva
1. mars	frist for Troms og Finnmark, Trøndelag og Nordland fylkeskommunar til å sende årleg rapport om omstillingsarbeidet i Sør-Varanger, Lierne og Andøy
1. mars	frist for å sende oppdragsbrev for 2020 til Innovasjon Noreg og Siva, med kopi til departementet
17. april	frist for innspel til budsjett for post 61 for 2021 (frå fylkeskommunane samla)
20. april	frist for innspel om omstillingsbehov i fylket i 2021
9. mai	frist for rapportering av transportstøtte for 2019
august	frist for andre utbetaling av midlar til Innovasjon Noreg og Siva
18. september	frist for Troms og Finnmark fylkeskommune for status på forbruk pr. 31. august 2020, tilskotsordninga for kvensk språk og kultur
27. oktober	frist for innspel til nye satsingar under post 61 for 2022 (frå fylkeskommunane samla), med kopi til Nærings- og fiskeridepartementet
2021	
1. februar	frist for å sende inn rapportar for 2020 og endelege rammer per 31. desember 2020 i regionalforvaltning.no
1. februar	frist for å sende inn evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2020

5. Avslutning

Vi ber om at fylkeskommunane orienterer deltakarane i partnerskapet sitt om innhaldet i dette brevet, og ynskjer fylkeskommunane og partnerskapa lukke til med arbeidet i 2020.

Oppdragsbrevet med vedlegg blir lagt ut på nettsidene til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med hilsen

Anne Karin Hamre
ekspedisjonssjef (e.f.)

Ellinor Kristiansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

6. Vedlegg

- Vedlegg 1 Regionreform og programkategori 13.50
- Vedlegg 2 Fylkesfordeling
- Vedlegg 3 Statlige midler til Interreg
- Vedlegg 4 Krav og veileder til aktivitetsrapportering
- Vedlegg 5 Mal til oppdragsbrev frå fylkeskommunane til Innovasjon Noreg
- Vedlegg 6 Mal til oppdragsbrev frå fylkeskommunane til Siva
- Vedlegg 7 Retningslinjer kap. 553 post 61
- Vedlegg 8 Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler
- Vedlegg 9 Forskrift om virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte
- Vedlegg 10 Forskrift om tilskudd til kvensk språk og kvensk og norskfinsk kultur
- Vedlegg 11 Forskrift for Arktis 2030

Kopi

Distriktssenteret
Innovasjon Norge Finnmark
Innovasjon Norge Hovedkontoret
Innovasjon Norge Tromsø
Kompetanse Norge
Kulturdepartementet
Kunnskapsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Norges forskningsråd
Nærings- og fiskeridepartementet
Riksrevisjonen
Sametinget
SIVA - Selskapet for industrivekst SF

Adresseliste

Troms og Finnmark fylkeskommune Postboks 701 9815 VADSØ